



Nettverk i kreftomsorg og lindrende behandling i Helse Bergen foretaksområde

Nyhendebrev 06.06.2019

Kjære ressurspersonar og leiarar/ fagpersonar i nettverket!

Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Bergen føretaksområde sender ut nyhendebrev to gongar i året. Føremålet med nyhendebrevet er å gje informasjon om aktivitetar i nettverket, samt å gje oppdaterte nyhende innan fagområdet kreftomsorg og lindrande behandling.

Kva har skjedd sidan sist?

Alle gruppene i **sjukepleienettverket** har hatt lokale nettverksmøte. Tema «Sorg» ved Lars Helge Myrset har vore i fleire av gruppene. Han har engasjert og satt tankar i sving omkring kva sorg er, korleis me møter sorg, og kva det gjer med oss at me stadig står ovanfor døden i arbeidet vårt. «Barn som pårørande» har også vore tema, i tillegg til ulike valfrie tema.

Vårens samling i **fysio- og ergoterapinettverket** 28. mai hadde overskrifta «Å leve livet». Fokuset var aktivitet og rehabilitering i praksis, og det blei ein engasjerande og flott fagdag. Det var også fokus på vår rolle som ressurspersonar.

Kva har eg lært i dag som eg kan ta med meg tilbake til min arbeidsstad? er ein viktig refleksjon etter kvart nettverksmøte, for å kunna formidla kunnskap tilbake til eigen arbeidsstad.

Sjekk ut...

pallnet.no

Register over
ressurspersonar i
Nettverket


Planar for hausten

Lokale nettverksmøte i sjukepleienettverket blir arrangert tre gongar i året. Introduksjonskurs og årleg fagdag blir arrangert kvar haust og er felles for sjukepleienettverket og fysio- og ergoterapinettverket. Det blir forventa at ressurspersonar i nettverka deltar på nettverksmøte /-samling og introduksjonskurs. Årleg fagdag er obligatorisk.

Introduksjonskurs 10. september

Nye ressurspersonar og alle leiarar/ fagansvarlege som ikkje tidlegare har vore på introduksjonskurs, blir invitert til heildagskurs på Bikuben 10. september. Hovudmålet for kurset er å gje kunnskap om det palliative fagfeltet, om organiseringa av nettverket og rolla som ressursperson. E-post med invitasjon og program blir sendt ut til aktuelle, hugs frist for påmelding 27. august!

Årleg fagdag blir i år 13. november. E-post med invitasjon og program blir sendt ut etter sommaren.



Lokale nettverksmøte i sjukepleienettverket

Programmet for nettverksmøta inneheld ein fagleg del og en refleksjons-/diskusjonsdel. Stad for møte går på rundgang i nettverket.

Datoar for nettverksmøte i sjukepleienettverket i haust

Nettverksgruppe	Dato
Bergen I	18. september
Bergen II	24. september
Bergen III	5. september
Vest	4. september
Midthordland	30. september
Nordhordland	17. september
Voss	26. september



Aktuell informasjon frå fagfeltet

Oppdatert prosedyre for utlån av pumpe til kontinuerleg subkutan infusjon er no lagt ut på KLB sine nettsider. [lenke til oppdatert prosedyre](#)

Prosjektmidlar er ein fin mogelegheit til å setta fokus på og vidareutvikla det palliative arbeidet. Alle kommunar kan søka om midlar til prosjektet: *Kompetansehevande tiltak innan lindrande behandling og omsorg ved livets slutt*. Fristen er 1. mars kvart år. Det blir kravd en god og gjennomarbeida søknad for å få tildelt midlar, og det er lurt å starta prosessen allereie no. Ta gjerne kontakt med KLB dersom de har spørsmål knytt til prosjektarbeid.

Hospitering: Det er stor utvikling og skjer mykje spanande på ulike arbeidsplassar i området vårt. Me vil tilrå alle ressursjukepleiarar å hospitera innan ein 3-års periode (jmf. Kompetanseplanen). Informasjon om hospiteringsordninga finn de på nettverket sine nettsider.

Verdensdagen for lindrende behandling 2019 Det blir markering av Verdensdagen med ope folkemøte på Litteraturhuset i Bergen, 15.oktober kl. 19.00. Meir informasjon om arrangementet kjem til hausten. Følg med på KLB sine nettsider og Litteraturhuset sine nettsider.

Nytt frå Kreftforeningen

Du finn mykje nyttig info og råd på Facebook om Vardesenteret Haukeland. Følg oss gjerne og hjelp oss spreie vårt flotte lavterskeltilbod for kreftpasientar og pårørande: <https://www.facebook.com/vardesenteret/>

Vi vil også gjerne ha innspel frå dykk til å dele på Facebook-sida, send gjerne tips til kollega og kommunikasjonsrådgjevar Hilde Kleppestø: hilde.kleppesto@kreftforeningen.no Det kan både være arrangement eller relevante gode faglege tips og råd (helst m bilete) som vi kan dele vidare.

Ny rehabiliteringsrapport frå Kreftforeningen: Å leve med og etter kreft -En undersøkelse blant kreftpasienter og pårørande i Kreftforeningens brukerpanel.



Rehabiliteringsrapport
orten-2018_web.pdf

Kan de vidareformidle:

Har du erfaring som kreftpasient, pårørende eller etterlatt? Ved å bli med i Kreftforeningens brukerpanel kan du bruke dine opplevelser, erfaringer og kunnskap. Vi trenger din hjelp! Les her dersom du ønsker å vite mer om brukerpanelet vårt:
<https://kreftforeningen.no/vare-tilbud/brukerpanel/>

Kreftforeningen vil ynskje alle ein riktig god sommar!

Kurs og konferanser i 2019

A Good Ending – Good for All 6.-7. november. Frist for innsending av abstracts og tidleg påmelding er 20. juni. Lenke til påmelding og program: [A good ending- good for all](#)

A Good Ending – Good for All
Bergen – Norway 6-7 November 2019

We are delighted to announce the 6th Annual Research Conference of the International Collaborative for Best Care for the Dying Person "A Good Ending - Good for All". This will incorporate the final conference of the ERANet-LAC CODE project: "International Care Of the Dying Evaluation (CODE): quality of care for cancer patients as perceived by bereaved relatives". The conference will include seminars, workshops, oral and poster presentations based on submitted abstracts, and covering a wide range of topics linked to care of the dying and societal engagement with death and dying.

The conference will take place in Bergen, Norway in November 2019. It is hosted by the University of Bergen in collaboration with the Regional Centre of Excellence for Palliative Care, Western Norway and the International Collaborative for Best Care for the Dying Person.

We look forward to seeing you in Bergen in November!

Information and registration available at
<http://link.uib.no/agoodending>

Logos: Helse Vest, The Paritich Institute, ERANet-LAC, International Collaborative for Best Care for the Dying Person

Me vil takka for den gode innsatsen som **kvar og ein** av dykk bidrar med i nettverket! Pasientar og pårørende treng ei helseteneste med høg fagleg kompetanse, og **de** er viktige nøkkelpersonar i dette arbeidet. Takk for at de hevar kompetansen innan fagfeltet kreftomsorg og palliasjon på dykkar arbeidsplass!

*Me ynskjer dykk alle ein GOD sommar, med tid til avkopling,
påfylling og ettertanke!*



Med helsing frå driftsgruppene i nettverket

Elisabeth Romarheim
leiar for sjukepleienettverket

Tone-Lise Frantzen,
leiar for fysio- og ergoterapinettverket